

Ungdommar pyntar opp rundt ballbingen.

29.06.2016



Sondre S. Myklebust

Ballbingen i Korsnes har gjennom åra vore svært mykje brukt. Dei seinare åra har også Korsnes Vel vore svært flinke til å syta for at det har vorte fjelga fint rundt bingen. Til å utføra arbeidet har dei brukt ungdommar som dermed har fått seg ein liten, men kjærkommen sommarjobb.

I år er det to abv dei som har vore flittigast å bruka bingen til trening dei siste 10 åra, Marius og Sondre Myklebust, som gjer jobben. Då eg snakka med dei, var dei godt i gang med å slå graset i skråningane rundt bingen. Marius heldt på på eine langsida medan Sondre var i gang bak målet mot hovudvegen.

Dei to kunne fortelja at i tillegg til å slå graset, skulle dei også klippa ned olderrydningane som veks fort på langsida mot dei kommunale bustadene.



Marius Myklebust

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland